

Hanna Hellen:

Ein trugen slitar fyller 80 år

Komande søndag, sjølvaste morsdag, fyller Hanna Hellen 80 år. Då vil heile familien samla seg for å gratulera og heidra henne, og for borna vil nok tankane gå attende til då dei var små. Då dei miste far sin i 1940, og mora sat att med åtte små born. Kva Hanna hadde av junge stunder i dei harde åra, er det vel berre dei færraste som anar.

Hanna kom frå Erevik då ho i 1924 gifte seg med Daniel Hellen, og flytte til Hedlo. Der har ho budd sidan, berre denne siste vinteren har ho vore hjå dottera Margrete på Kruuneset, der ho også har ein son og fleire barneborn.

Hedlo ligg på vestsida av Goddo, med Kloven på nordsida og Katla på sørsida. Det er ikkje bilveg dit, så det er heller tungvindt å koma seg att og fram til Hedlo.

I 16 år var Hanna og Daniel gifte, og dei fekk åtte born. Då Daniel døydde i 1940, var berre den eldste konfirmert, og den yngste var eit år gammal. Daniel hadde tuberkulose, og hadde vore lenge sjuk for han død. Derved var fleire av borna blitt smitta, og Hanna laut reisa på sjukehus med fem av dei på ein gong! Kva tung ferd det var for ei mor, er umuleg å setja seg inn i. Men ho hadde tre born att heime, og måtte reisa frå dei fem på sjukehuset for å ta seg av dei tre som heldigvis ikkje var blitt smitta.

Det gjekk bra med dei fem, dei kom heim etter kvart, og alle borna vaks opp.

Harde år

Dette var før Folkepensjonen si tid, dverre, ja, også før barnetrygda var innferd. Dafür var det smått med pengar i heimen, men som Hanna no seier det: — Me klarte oss på eit vis!

Og klarte seg gjorde dei, men ikkje ved å liggja på latsida eller å væra storforlangande, korkje mora eller borna. Margrete, som er eldste dotter, og nummer tre i flokken, gjev stor ros til den eldste broren, Peder. Han var heilt fantastisk, fortel ho. Han var seint og tidleg ute på sjoen, dreiv med småfiske, ruser, teiner. Han var flink, og fekk

alltid gode fangstar. Resten av syskina er han stor takk skuldig for hans store innsats den gongen, han tok seg av dei mindre, var streng, men rettferdig, og ei god støtte for mor si.

Borna måtte tilleg ut i arbeid

Jentene tok seg arbeid så snart dei var store nok til det, var tauer hjå andre medan dei gjekk på skulen, ofte for å tena til konfirmasjonsklær.

— Me er oppvaksne på sild, fisk og poteter, og svalt aldri, seier Margrete. Slik mat hadde dei alltid rikeleg av, spesielt storsilda åt dei mange tenner av.

Hanna baka alt det dei trong av brød og kaker, og ho hadde faste bakedagar annankvar dag i eldhuset. Borna hadde til oppgåve å riva lyng til å fyra med, dessutan vart lyngen også brukt til for til kua.

Dei brukta å ha ku, men Hanna seier at ho miste kua då borna var små. Då var det at gode naboar hjelpte til, ho fekk nemleg låna ei ku i Erevik til ho fekk råd til å kjøpa ny.

Folk hjelpte kvarandre

Det var ikkje berre den eine gongen at gode naboar gav ei hjelpende hånd, nei, folk hjelpte kvarandre så godt dei kunne. Når ein familie var i vanskar, delte andre av det dei hadde, sjølv om det kanskje heller ikkje var så mykje.

Når det var heilt naudsynt, var einaste vegen å gå til det som var kalla «fattigkassen», den tidas sosialhjelp. Hanna skreiv opp det ho meinte ho trong mest, og det var ein tung gong til fattigforstandaren som skulle sensurera denne lista. Han hadde truleg også ein tung jobb, tenk å måtta stryka ting på denne lista. Den inneheoldt neppe noko form for luksus!

— Trass i tronge kår, me hadde det godt saman i heimen. Mor har alltid hatt godt humør, og syskinflokkene var samansveisne. Eg gløymer aldri vinterkveldane når me sat under lampen for å lesa leksene, me sloss om plassen for å få mest mulig lys, men du ver-

den kor gode venner me var! seier Margrete.

Fødselsdagen skal feirast stort

Hanna er litt overgitt når ho tenker på kva planar borna har for 80-årsdagen hennar. Dei vil gjerne gjera det skik-



keleg, og har leigt skulehuset i Erevik. Der er det god plass, så heile familien kan samlast. Ho har no 25 barneborn og 11 oldeborn, og ho vonar å få flest mulig av dei rundt seg på den store dagen.

Me ynskjer Hanna hjarteleg tilukke med dagen!

Kris